


# RAUD MORGON

NR. 4 ÅRGANG 2



Spørsmåltil gruppediskusjon:

1: Er det slik at faktorane for at det blir krig aukar?

2: a) Er det muleg for eit så lite land som Norge å kaste ut okkupantene gjennom folkekrigen?

b) Korleis skal vi stille oss til å ta del i det borgarlege militærapparatet undet ein invasjon?

3: Korleis førebu oss på krigen?

massarbeid  
Nokre kameratar meiner at Klassekampen skriv alt for lite om krigsfaren. Vi meiner ikkje det, men at konkrete avsløringar av USA og Sovjets overgrep mot Norge og andre stader i verda, og brei mobilisering av folk til aksjonar mot desse overgrepa (for eks. 21/8 og 11/9) er ein av dei viktigaste metodane til å førebu oss på å møte krigsfaren.

#### LENIN OM KRIG.

~~Denne uttalelsen fra Lenins "Sosialisme og krig" er meint som tilleggs materiale til førebuingane på diskusjonen om krigsfaren.~~

"Krig er framhaldet av politikken med andre (dvs. voldelige) middel." Denne berømte læresetninga blei uttalt av en av de djupeste skribentene om krigsproblemene, Clausewitz. Marxister har alltid med rette sett på denne tesen som det teoretiske grunnlaget for synspunkter som har med betydninga av en hver gitt krig å gjøre. Det var nøyaktig ut fra dette synspunktet Marx og Engels alltid betrakta forskjellige kriger. Bruk dette synet på den nåværende krigen. (I. verdenskrig). Dere vil se at i tiår, i nesten et halvt hundre år, har regjeringene og de herskende klassene i England, og Frankrike, og Tyskland, og Italia, og Østerrike og Russland, fulgt en politikk med utplyndring av koloniene, med undertrykking av andre nasjoner, med undertrykking av arbeiderrørsla. Det er denne politikken, og bare denne politikken som blir fortsatt i den nåværende krigen."

-----  
"Imperialismen er den epoken da en handfull "store" makter i stadig økende grad undertrykker nasjonene i verden. Derfor er det umulig å kjempe for den internasjonale sosialistiske revolusjonen mot imperialismen uten å anerkjenne sjølråderetten til nasjonene."  
-----

INNLEGG OM HOVUDPAROLEDISKUSJONEN FRÅ LEIRPLENUMET/TIRSDAG

Eg meiner at parola "Styrk AKP - Styrk banda til arbeidar-  
klassen og hans allierte" er ei rett parole av di ho

- gjev uttrykk for arbeidarklassens leiande rolle
- gjev ei rett prioritering av massearbeidet
- femnar om arbeidarklassens allierte, heile det arbeidande folket

rett forstått kan denne parola verte ein reiskap for eit  
rett massearbeid.

Det andre paroleforslaget "Styrk AKP - styrk banda til masa  
ane" vert halde fram som ei rett parole mellom anna av di  
ho klårare framhever partiet, tek meir omsyn til lokale  
forhold, tek omsyn til ein tendens til "arbeidardyrking" på  
leiren, tek omsyn til at partiet si masseline er for dårleg

Når det gjeld desse argumenta meiner eg at parola ikkje er  
noka rett parole for å styrke partiet avdi ho er "blind og  
ikkje gjev ei klår anvising på ei rett innretning av masse-  
arbeidet. Når det gjeld lokale forhold meiner eg at det  
mest alle stader er eit stort behov for å prioritera arbeidar-  
klassen. Det er ikkje dermed sagt at ein skal leggje ned  
arbeidet ~~blant~~ mellom lag av småborgarskapet eller gje opp  
posisjonar som ellereie er vunne.

Tendensen til arbeidardyrking er der, kanskje særleg på ein  
sommarleir framfor t.d. i lokallaga. Denne tendensen må be-  
kjempast, og då meiner eg at den første hovudparola er best  
avdi ho framhever "dei allierte"

Eg er einig i at masselina i arbeidet vårt er for dårleg.  
vi har hatt store problem med å få ut fingeren t.d. i første  
mai arbeidet. Dette meiner eg no er eit brennpunkt i masse-  
arbeidet vårt.

Dette kan eventuelt takast hensyn til med ei eiga parole  
om styrking av masselina, men må ikkje gå på bekostning av  
~~denne~~ parolaom å styrke banda til arbeidarlkassen osv,  
av di denne er uttrykk for den alment rette lina vår.

Ei mulighet er kanskje å formulera hovudparola slik:  
"Styrk AKP - Reis arbeidarklassen og hans allierte til kamp"  
Med denne formuleringa vert parola ei klårare handlingspa-  
role. Me kan ikkje reisa nokon til kamp utan å få ut fing-  
eren i massearbeidet

Egil/Leninbrigaden

#### INTERVJU MED GRUNNEIEREN.

Jeg har vært nede å snakket med kameraten som leier ut plassen til oss, og spurt han om hva han syntes om oss. Han svarte at han hadde ingen ting å utsette på oss, snarere tvert i mot. Han fortalte at det var milevis forskjell fra nå og på de siste ukene før vi kom, da en del folk fra skisenteret hadde leid lokalet. Han fortalte at de folk som bor ved siden av ungdomshuset hadde aldri følt seg så trygge noen gang som i den tida vi var her i fjor, sløl om de på forhånd hadde trodd det skulle bli verre en folk fra skisenteret. Folk i bygda hadde bare gode erfaringer med oss fra i fjord, og han trodde at folk var av samme oppfatning i år også. På spørsmålet om hva han syntes om å arrangere en slik leier, svarte han at han syntes det var helt i orde, og at han kunne kanskje tenkt seg å vært med på diskutert de problemene vi tar opp. Spesielt det med krigsfaeren.

Jeg spurte om han hadde noe kritikk å komme med som kunne hjelpe oss å gjøre det bedere angående tekniske ting. Han på-pekte han at der ifjord lå igjen teltpluggen i gresset som han heldigvis fant før de gikk i slå-maskina. Det viser seg derfor at vi må skjerpe oss på oppryddinga, slik at slike ting ikke skjer igjenn. Hviss vi rydder opp etter hvert vil det ikke bli så mye den siste dagen at slike ting unngåes. Ellers var det bare lovord å få fra han sin side.

Rune.

MASSEARBEIDET ER BRENNPUNKT I POLITIKKEN I DAG.

Utgangspunktet for plenumdiskusjonen tirsdag var eit veggavisinnlegg som kritiserte dei opprinnelege hovudparoleforslaga (kfr. leiravis nr. I) Tendenser til å oppvurdere arbeidarklassen framom det kommunistiske partiet og til å neglisjere betydninga av masselinja kjem klarare fram om ein går attende til denne første formuleringa.

Korrigeringa som kjem fram på det nye forslaget frå leirleinga tek klårt kritikken til følgje, men samstundes kan lett den nye formuleringa i så stor grad fiksore på arbeidarklassa si overdrevne betydning at det bremsar massearbeidet og rekrutteringa til partiet og frontar m.a. frå andre grupper enn kjerneproletariatet, slik vi har sett tendensar til. (konferer diskusjonar her på leiren, og erfaringar frå praksis)

Grunnen til den tildels skarpe diskusjonen på plenum, stikk i klåre motseiingar som går til dels djupt. Det ville vere å søkje overflatisk einskap å meine at dei to forslaga som no ligg føre skil seg i forma. Det gjer dei nemleg ikkje, men derimot i det innhaldet som vert gjeve dei.

Spørsmålet om massearbeidet er nemleg ikkje eit bispørsmål for partiet sin framgang eller tilbakegang, men det vert etter kvart hovudspørsmålet for politikken vår.

Det er ikkje rett å snakke berre om brennpunktet i massearbeidet slik Egil hevda, men det som no er viktig er at massearbeidet er brennpunktet i politikken

Kva botna A/B medlemskap i partiet i (opprioritering av arbeidere, nedprioritering av ikkje-proletære kommunistar)?

Her ser vi utvikla ein tendens til å setje arbeidarklassen framom partiet.

Fører det til styrking av massearbeidet at erfarne kameratar som ikkje er industriproletarar går rundt med kjensla av å vere overflødige og mindreverdige i partiet? Vi meiner nei! Kondekvensen er klåre tendensar til sektetisme. Det som har vore bitendensar og underordna saker i ei viktig periode med korrigering av høgrefeil, vert snart eit overordna og viktig spørsmål for heile partiet om vi ikkje maktar å ta kamp mot vulgariseringa.

Det er ikkje lenger spørsmålet om innrettinga på proletariatet som svekkjer partiet sitt arbeid, men vulgarisering og sektetisme innafor partiet.

Difor vert det ikkje spørsmål om polemisering mellom dei to formuleringane som vert vesentlige. Dette vert vesentleg berre i denne spesielle situasjonen fordi det avdekkjer ulike synspunkt på vesentlege sider av politikken bak dei ulike forslaga, nemleg spørsmåla om vulgarisering og sektetisme.

Utforminga av begge parolane meiner vi er rette. Kva som skil dei to syna er dei til dels sterkt motstridande argumentasjonane som vert lagde til grunn.

Jarle, Rikard og Kondrad  
Brig.2, Gr.I

ER EI PAROLE RETT - DEN ANDRE FEIL?

Svar til Egil:

Eg meiner det er viktig å slå fast at begge dei parolene vi har drøfta er korekte - at dei stiller sentrale oppgåver for arbeidet vårt på ein litt ulik måte. Dette er viktig å slå fast mellom anna fordi eg var heilt samd i ein god del av dei innlegga som gjekk inn for leirleinga si parole.

Den viktigaste motseiinga går etter mi meining ikkje først og fremst på korleis ein formulerer parola, men på kva slags innhald vi legg i parola - korleis vi grunnjev den og brukar den for å styrke praksisen vår.

Eit døme: Hovden-gruppa har hatt ei formelt sett korrekt formulering av hovudmotseiinga i samfunnet - mellom proletariat og borgerskap. Dette var ikkje til hinder for at deira måte å stille h.mots. på var tvers igjennom revisjonistisk, fordi innhaldet bak denne formuleringa var at arbeideklасса står aleine i kampen, utan allierte osv..

Når det gjeld Egil sitt innlegg, så er eg samd i mykje av det han skriv. Meiner usemja mellom oss går på at han ikkje vil stille ei hovedparole som skarpast muleg rettar seg mot to viktige feilaktige tendensar i arbeidet vårt som vi har sett på leiren:

- Tendensar til vulgarisering av partiet si innretting på proletariatet - til å hevde at det er einast i arbeiderklassa vi skal prioritere arbeidet.

- Høgresektarisme i massemobiliseringa både i høve til proletariatet og til ikkje-proletariske lag.

Dese tendensane vart det gitt mange døme på igår, og meiner også at i eindel av innlegga igår fanns dei same feila: Enkelte kameratar argumenterte for leirleinga si parole etter ei line om at no var det heilt overordna alt anna å prioritere arb. i proletariatet - andre grupper kunne vi kanskje gjere litt med dersom / hvis / kanskje om vi hadde noe krefter til overs. Andre kameratar sa og at den einaste nøkkelen til framgang for partiet no var å konsentrere arbeidet i arbeiderklassa, og at feila vi peikte på i arbeidet med andre grupper ikkje var eit alvorleg problem.

Meiner at kamerat Egil ikkje representerer desse feila, og er i all hovudsak samd i den måten han stiller partiet si innretting på.

Egil argumenterer mot vår parole med at den er "blind" - "at den ikkje gir anvisning på kva slags innretting massearbeidet skal ha." Meiner dette er feilaktig kritikk først og fremst fordi konklusjonen ein må trekkje av ei slik innvending er at partiet - AKP - si innretting må vere feil. Parola vår stiller nemleg oppgåva å styrke AKP sitt massearbeid - partiet sine band til massene.

For det andre er det feil fordi den overser at omgrepet "massene" slett ikkje er noko høgre-oppportunistisk omgrep - eller "vagt.2 Tvert om er det eit kommunistisk omgrep som dekkjer dei folkemassene som saman skal gjennomføre den sosialistiske revolusjonen. Denne oppgåva skal massene gjennomføre under partiet og proletariatet si leiing. Sjå til dømes korleis Mao brukar dette omgrepet.

Meiner al så at den viktigaste feilen Egil gjer er at han under- vurderer dei feila i vår praksis som vi har avdekkja her på leiren, og ikkje ser betydninga av å stille hovedparola slik at den kan rette eit slag mot feila, og hindre at viktige feil kan dekkje seg under formelt sett heilt korrekte formuleringar.

Om denne motseiinga hadde gått på leiren for eit år sidan, så ville leirleinga sitt framlegg ~~væ~~ ha vore korrekt, fordi då var det manglande semje om innretninga som var hovedproblet.

## DUGNAD.

I morra skal det være aksjonsdag i bygda og da er det en del ting som skal gjeres. Nede på idrettsanlegget skal det hogges en del småskog, og så skal det planeres foran det ene målet på fotballbanen. Strandkanten skal ryddes for glasskår og annet søppel.

Bonden som eier jordet vi leier skal slå det siste støkket med gras om torsdagen og trenger da hjelp til å ta unna fra slåmaskina og siden til å hesje.

Det skal også vere husbesøk med salg av KLASSEKAMPEN i bygda her.

Dette arbeidet er bestemt for Tet - Al - Zaatar brigaden og Jøtul - brigaden, men det kan bli aktuelt at Lenin brigaden også må ta en del av arbeidet.

I dag trengs det en del folk til å vere med på å ta ned de tomme hesjene, så de er klare til i morgen. Det vil være en fordel om brigadene sjøl diskuterte hvordan de best kan løse disse oppgavene, og så gi beskjed til dugnads ansvarlige for leieren.

Dugnadsansvarlig.

RUNE, JØTUL-BRIGADEN.

En dag var det en fyr som banka på perleporten. Da St. Peter kom ut spurte han hva han var for en slags kar. Fyren svarte da at han var representant for IRA. "Da kan nok ikke de komme inn," sa St. Peter. "Jeg skal ikke inn, men bare gi beskjed om at folka deres har 5 minutter på seg til å komme seg ut," svarte fyren og gikk.

## STOR OVERRASKELSE!

FNL - BRIGADEN (små pionerene) skal ha TIVOLI og underholdning for hele leiren på fredag.

Pengene går til KLASSEKAMPEN.

VEL MØTT ALLE SAMMEN.

FNL - BRIGADEN.

SALG AV KK I STRYN

I går ettermiddag vart det sendt ein delegasjon på 4 til Stryn for å distribuere avisa "Klassekampen". Tida som var satt av til salet må ein seie var uheldig valt, for grunna ei rekkje tekniske vanskar, t.d. med utsatt middag, greidde vi ikkje å kome fram til salstaden før butikkar og bankar på det næraste var stengde for dagen. Og sida "vergdane" heller ikkje var med oss, fekk vi ikkje det salsmessige utbyttet som vi på førehand hadde venta. Men vi seljarar hadde god høve til å prate med folk, både med bebuarane i Stryn og turistar. Vi vart, slik som vi alltid vert, motteken på eit veldig ulikt vis. Fleire vart "ornflegl glade då dei fekk sjå oss, dei takka mange gonger og det verka som om dei helst ville at laussalet av KK i Stryn måtte sjåast på som ei permanent oppgåve for oss kommunistar som bur i nærleiken - ein person var så nøgd at han gav oss 5 kroner i staden for dei vanlege 2 ! Men reaksjonane hos folk var ikkje berre positive. Vi snakka bl.a med 2 jenter som hadde kome for å vitje leiren, for å sjå seg om og for å diskutere med leirdeltakarane. Desse hadde vorte avvist på ein slik måte som etter vår meining klårt er i strid med reglementet for leiren. Ei anna episode som og er verdt å nemne, er at vi kom i kontakt med ein person som etter eige utsagn berre var interessert i å teste seljarane si politiske skolering. Han forsvann ganske raskt etter å ha presentert seg som eit medlem av Norsk Front.

Ei morosam episode til sist: Vi traff ein hyggeleg dansk turist som gledde seg stort til den dagen "Klassekampen" vil kome ut som dagsavis. Vi gler oss sjølvsagt med han og har dette i minne når vi for ettertida står på gatehjørna og sel "Klassekampen", og oppmodar samtidig folk til å ta i så det svir med tanke på rotasjonskampanja. Vi lit først og fremst på egne krefter!

For seljarane i Stryn- Bjørg. Brigade I, gr.3.

## OM STRYN

Stryn er ei jordbruksbygd sjølv om svært mange av böndene tek seg arbeid ved sida av. Fe-og sauehald er mest vanleg, ved sida av fruktdyrking som bygda eignar seg godt til.

Industribedrifter i Stryn: West Karosseri, som er ei av dei største karosserifabrikkane i Noreg, tre treindustribedrifter, Fluor-Lux fiskevegfabrikk, Stryn sementsteinfabrikk, litt konfeksjonsindustri og Nordfjord Kjøtindustri i Olden.

Turismen utgjer ein del av næringsgrunnlaget i Stryn. Alexandra Hotell i Loen er eit av dei største i Nord-europa. På Hjelle er eit hotell og i Hjelledalen er pensjonat og fleire campingplassar. På Tystigen på Strynefjellet er det satsa mykje på sommarskisenter. Pensjonat, teltplassar og butikkane i dalen tenar store pengar på svenskane som kvar sommar ströymer gjennom Hjelledalen. Dette blir det etterkvart reagert nokså mykje på av bygdefolket. Dei meiner at skituristane skapar for mykje uro, trengjer unna bygdefolket og kulturen, bl. a. okkuperer dei ungdomshuset.

Når det gjeld Strynefjellet elles, så har anlegget på heilårsvegen skapt mellom 20 og 30 mellombelse arbeidsplassar.

Lokalåvisa Fjordingen er högreavis som alle stryningar les.

Elles får de sjölve vurdere om myten om Fagre Stryn er sann eller ikkje...

## PROGRAM ONSDAG

- 7.00 Vekking
- 7.30 Morgonsamling
- 7.45 Frukost
- 9.00 - 13.00 Innledning om førkrigstid og gruppediskusjon.
- 13.00 - 13.30 Gyn
- 13.30 - 13.30 Middag
- 14.30 - 18.30 Aktiviteter
- 18.30 Kveldsmat
- 20.00 Brigadesamling

Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page.

Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page.

Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page.